

# PRESSEMELDING OM KORONAVIRUSET

Volda kommune 20.03.20



Volda  
kommune

# PRESSEMELDING

## Koronaviruset – inn i den andre veka

**Situasjonen uendra.** Som kjent vart det i går påvist eitt smittetilfelle i Volda, og at vedkomande har vorte smitta innanlands. Denne situasjonen har helsetenesta kontroll på. Ein må likevel vere budd på at smitta er i lokalsamfunnet. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

**Følg råda.** Vask hendene ofte, unngå sosial kontakt og følg råda frå helsemyndighetene for å hindre at du vert smitta og smittar andre. Tiltaka er sett i verk for å unngå smitte og forsinke smittespreiinga. Du finn råd på kommunen si heimeside og Folkehelseinstituttet sine sider og i dei lokale media.

**Ikkje farleg for dei fleste.** Sjølv om viruset normalt berre er farleg for utsette grupper i folket, så er det svært viktig at vi gjer det vi kan for å ivareta desse og den allmenne folkehelsa. Dersom ein ikkje har situasjonen under kontroll, så kan belastninga på helsevesenet verte kritisk.

**Legetenesta.** Volda kommune er framleis takksam for at du viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Dei som treng særskilt hjelp får kome til legetime etter avtale. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

**Operativ krisestab.** Volda kommune held krisestaben operativ og møter dagleg for å oppdatere informasjon og vurdere tiltak.

**Demokratiet i krisetid.** Formannskapet har fullmakt til å gjere hastevedtak når det ikkje er praktisk mogleg eller tid til å kalle saman kommunestyret. I denne koronasituasjonen gjer risikoen for smittespreiing at ein ikkje bør ha heile kommunestyret samla i same rom. Inntil vidare fungerer formannskapet som kommunestyret. Ein vurderer kritisk kva saker som kan vente, samtidig som det vert undersøkt om det er praktisk mogleg å gjennomføre digitale kommunestyremøte der medlemmene møter frå kvar sin stad via dataskjerm.

**Fakturering av eigedomsskatt.** Utsetting av fakturering av eigedomsskatt har vore diskutert i enkelte kommunar. Fakturering av første termin i Volda er utsett til mai.

**Ta vare på kvarandre.** Vi går no inn i helg. Til vanleg er helg avveksling med sosiale og fysiske aktivitetar. Hugs på at vi no er i ein ekstraordinær situasjon der vi må setje avgrensingar på oss sjølve for å medverke i denne store samfunnsdugnaden. Dette kan vere belastande for mange. Det er viktig å vise tolmod og ta vare på kvarandre. Det er no det gjeld. Vidare er det viktig å vere klare over at ei krise varer berre i ein perioden, og at vi skal attende til normal situasjon. Vi er heldige som bur i eit land med høg grad av tillit mellom myndigheitene og folket, god infrastruktur og tilgang på ressursar. Dette gir gode føresetnader for at landet kjem seg gjennom denne krise.

**Lokal informasjonstelefon.** Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

**Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.**